

Kjell-Aage og Merete Birkeland  
Hauge

6973 Sande

11.10.14

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 Leikanger

### **Klage på avslag på søknad om ekstra skuleskyss**

Viser til brev datert 22.09.14 med avslag på søknad om ekstra skuleskyss for Anna Birkeland frå Hauge til Sande t/r.

Vi ynskjer å klage på vedtaket. Bakgrunnen for avslaget er alderen og grunnjevnaad med at elevar i vidaregåande skule skal kunne ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale. Tilhøva på den aktuelle vegen er ikkje optimale, men svært farleg med kryssande anleggstrafikk og uoversiktleg av/på stigning ved buss stoppa. Sjølv om Statens vegvesen og dei som utfører arbeidet på denne vegen tek omsyn er det her snakk om svært store (enorme) maskiner i stort antall som trafikkerer på anleggsvegen. Når det no begynner å bli mørkt er det svært vanskeleg å sjå gåande med refleks då det er mykje skilt som blinkar i lyset. I tillegg har ein hatt store støvproblematikk på anleggsvegen som gjer at sikten både til gåande og dei som køyrer desse maskinene er nedsatt i periodar.

I tillegg til anleggstrafikk er det som tidlegare oppgjeve svært uoversiktleg ved busstopp – spesielt frå Hauge til Sande. Spesielt i mørket og ved snøbrøyting vil det her være svært vanskeleg/farleg å stå ved busstoppen. Det er ikkje mogeleg å kunne komme seg unna ved eventuell brøyting/anna trafikk som kjem nærme vegkanten. Dette har tidlegare gjort til at alle elevar som bur på denne vegstrekninga har ekstra skuleskyss frå 1. – 10.klasse.

Vi søker om omgjerung av vedtaket - evt at Anna får ekstra skuleskyss i perioden medio oktober til ut mars månad då det er i denne perioden på året det er svært mørkt og kan være mykje snø/brøyting.

Med helsing

Kjell-Aage og Merete Birkeland